

Skuleduell mellom Yri og kommunalsjefane

03.12.2011



Kjell Yri kjempar for renovering av skulen

**Under budsjettandsaminga i formannskapet denne veka var det  
tilløp til ein skuleduell mellom Kjell Yri (V, Uskedalen) og kommunalsjefane  
Asbjørn Skår. og Kjell Odd Nygård .**

**Formannskapet heldt fast ved tidlegare vedtak om å  
setta av 5 millionar til Uskedalskulen på  
budsjettet til neste år og kommunestyret  
sluttar seg truleg til dette. Men kommunalsjefane trudde ikkje arbeidet  
kan starta før sommerferien og det reagerte Yri på**

Han sa at skulen har hatt første plassen i prioriteten på økonomiplanen i mange år.  
Difor er det ikkje godt nok at administrasjonen seier dei ikkje har planlagt  
førebels. Ein må kunne planleggja ferdig før sommaren, meinte Yri

Kommunalsjef Kjell Odd Nygård meinte feilen var hos politikarane. Han sa at administrasjonen gjerne skulle planlagt men då må politikarane setja av pengane og det har dei ikkje gjort, hevda Nygård.

Han hevda også at skulen aldri har stått på topp i prioriteten, men som nummer 2 etter ungdomsskulen i Rosendal.

Av Ola Matti Mathisen